



Gianni Rebaudo og Jan Erik Olsson gjer seg klar til å ta mot lopper.

Neste laurdag er det klart for ein ny loppemarknad i regi av Lions Club Kvinnherad. Denne laurdagen vart brukt til å ta mot lopper. Her i Uskedalen var det mottak av lopper i Gamleskulen, medan det også kunne leverast inn på Husnes. Mellom kl. 10 og 12 var det jamnt sig av folk som leverte inn nyttige og godt brukande ting som dei sjølve ikkje brukte lenger.

Då eg var nedom Gamleskulen ved starten, var Gianni Rebaudo og Jan Erik Olsson klar til å ta mot tinga som vart levert. Sjølvstगत var dei spente på responsen.

- Alle inntekter som Lions skaffar seg på loppemarknaden og andre ekterne arrangement skal gå uavkorta til prosjekt som er til hjelp for andre. Det er ein tommelfingerregel i Lions som seier at ca. 60% skal brukast lokalt medan ca. 40% vert brukt til internasjonalt. Slike inntekter går inn i ein aktivitetsskase med eige rekneskap, og kan ikkje brukast til anna enn hjelp, forklara Gianni Rebaudo. Han legg til at drift av klubben, og t.d. mat på møta, skal dekkast av medlemskontigent, eigenbetaling og interne lotteri.

Loppemarknaden gjev alltid eit godt overskot. Jan Erik og Gianni håpar på godt salg også i år, og då eg var innom ved slutten av innsamlinga var dei to svært optimistiske. Då var også Jan B. Ingvaldsen komen med ein full varebil frå innsamlinga på Husnes.

- Dette ser veldig bra ut. Vi har fått inn meir enn på tilsvarande tidspunkt sist, kunne dei 3 fortelja.

For dei som sit på lopper dei ikkje har fått levert enno, kan desse leverast i Aktivitetshuset komande fredag. Då vil det vera folk frå Lions der frå kl.16 og nokre timar utover for å gjera klart til loppemarknaden dagen etter. I tillegg kan ein også ta kontakt med Lions-medlemmer i sine respektive bygder.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland